

HØYRINGSUTTALE FRÅ HJARTDAL FORMANNSKAP I MØTE 16.11.06:

(Vedteke med 4 mot 1 stemme)

dok 63

1. Kva for overordna prinsipp bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken?

Det må vere full religionsfridom i Noreg.

Ei grunnlovsforankra folkekyrkje vil sikre at kyrkja er der for alle som ~~ynskjer det og sikrar ein~~ tilstrekkeleg låg terskel for at alle skal kunne føle seg heime i kyrkja uansett trusengasjement. Med denne løysinga held kyrkjeleg fellestråd fram med å ta hand om gravferdsforvaltinga.

Stillinga som kyrkejgardsarbeidar er kombinert med kyrkjetenar eller andre kyrkjelege stillingar. Ei deling av dette ansvaret vil bli ei tungvint ordning.

I ei folkeleg statskyrkje-ordning finn kommunestyret det riktig at kommunane skal fortsette å ha eit økonomisk ansvar for bygningane, men stør forslaget om ein eigen statleg finansieringsordning for freda og verna kyrkjer som ikkje lenger er i bruk til kyrkjelege handlingar.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje

Det bør haldast fast på statskyrkje-ordninga.

3. I kva lov bør Den norske kyrkje vere forankra?

Grunnlova. Dersom ein ynskjer ei ordning som i dag, må Den norske kyrkja vere forankra i Grunnlova. Hovud-grunngevinga er stabilitet i forholdet mellom kyrkje og stat. Grunnlovfesting er òg eit signal på Den norske kyrkje sin status i samfunnet vårt, m.a. som samfunnsbyggjar og samlingspunkt.

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast?

Offentleg finansiering utan medlemsavgift. Grunngeving: ein unngår forskjellshandsaming av ulike menigheiter – og at finansieringsordninga ikkje hindrar nokon i å ha råd til å vere medlem. Ei slik finansiering vil også styrke kyrkja som ei folkekyrkje.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga vert avvikla?

Viss avvikling, avgjerast dette internt i kyrkja. Uansett ordning bør demokratiseringsprosessen i kyrkja fortsette. Eit auka folkeleg engasjement vil styrkje kyrkja som folkekyrkje.

6. Dersom statskyrkja avviklast, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

Dei politiske prinsipp som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettsstaten og menneskerettane. Det kristne og humanistiske grunnlaget. Grunngeving: Sjølv om statskyrkja vert avvikla, må verdigrunnlaget i forfatninga liggje fast (på lik line med monarkiet).

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltinga?

Den lokale kyrkja (menighetsråd eller kyrkjeleg fellestråd). Grunngeving: Folk gir uttrykk for velnøye med dagens ordning. Gravferdsordninga må vere innretta slik at ho ikkje ekskluderer

Saksnr.	200605491	Dato	20.11.06
Kode	VI-501	Beh.	

nokon av innbyggjarane. Dette vert foretrekt som ei reint praktisk ordning for å unngå at stillingar må delast mellom fleire arbeidsgjevarar.

8. *Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?*

Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. Grunngeving: Lokalbefolkninga har eit sterkt eigarskap til kyrkja (symbolisert m.a. gjennom gåver og dugnadsinnsats. Men når det gjelds listeførte kyrkjer, stavkyrkjer og middelalderkyrkjer må staten ta større ansvar for finansiering og vedlikehald av desse.

Rett utskrift: 17/11-06

Utskrift til:

HJARTDAL KOMMUNE

Ingebjørg Handværk
siter.

Kultur- og kirkedepartementet, Kirkeavdelingen, Pb.8030
Dep,0030 Oslo

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare